



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Universitetet i Oslo
Postboks 1102 Blindern
0317 OSLO

Dykkar ref
2014/1177

Vår ref
14/1538-

Dato
10.11.2015

Statstilskot for 2015 til Norsk Ordbok

Vi viser til dykkar brev dagsett 3. september 2015, der de skriv at Institutt for lingvistiske og nordiske studium likevel ikkje vil prioritere å fullføre ei brukarrettleiing til Norsk Ordbok som skissert i budsjettsøknaden for 2015. Vidare skriv de at det vil vere føremålstenleg å be den instansen som overtek ansvaret for forvaltning og drift av språksamlingane, om å utarbeide ei brukarrettleiing.

Kulturredpartementet finn ikkje dette tilstrekkeleg. Universitetet søkte om støtte til ei brukarrettleiing i 2015 for at flest mogleg skal kunne bruke ordboksverket. Departementet ser på rettleiinga som ei siste brikke som må på plass før prosjektet er fullført, og støtta difor føremålet med 400 000 kroner i år.

Det er ikkje opp til departementet å be ein annan instans om å utarbeide brukarrettleiing. Vi legg til grunn at Universitetet i Oslo finn ei løysing, og gjer merksam på at tilsegna om støtte på 400 000 kroner frå Kulturredpartementet berre gjeld ut året.

Med helsing

Heidi Karlsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Gunhild Strand Molle
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er derfor utan handskriven signatur.